

Notat – 4/2017

Kåre Heggen

Sosialarbeidarutdanning i Volda: Frå ein vaklande start i 1971 til eit av dei største utdanningsmiljøa ved Høgskulen i Volda i 2017. Eit innsideblikk.



Forfattar	Kåre Heggen
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/notat

Sosialarbeidarutdanning i Volda: Frå ein vaklande start i 1971 til eit av dei største utdanningsmiljøa ved Høgskulen i Volda i 2017. Eit innsideblikk.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manus må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Forord

Gjennom 1970-åra vaks det gradvis fram ei utdanning retta mot sosialt arbeid ved dåverande Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda. Utdanninga var toårig, og skilde seg frå dei etablerte sosialarbeidarutdanningane i Noreg; den treårige sosionomutdanninga og den toårige barnevernspedagogutdanninga som vart tilbydd ved dei etablerte sosialskulane i Oslo, Trondheim og Stavanger. Det «frøet» som vart sådd i Volda, skilde seg såleis ut både gjennom ein annleis studieplan, eit anna namn og gjennom etableringa i DH-systemet. Sosialarbeidarutdanning i DH-systemet møtte sterk motstand frå sosialskulane og sosialarbeidarprofesjonen. Dette utgangspunktet la grunnlaget for ein omfattande og arbeidskrevjande debatt gjennom heile tiåret for å sikre studentane sin formelle kompetanse som kvalifisert arbeidskraft.

Eg oppfattar denne utdanningshistoria som ein viktig del av Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda, seinare Høgskulen i Volda, si historie, og har grave i mine eigne arkiv for å fortelje det eg kjenner til av historia før den går heilt i gløymeboka. Eg vil hevde at denne lokale historia også kan vere interessant i ein nasjonal samanheng fordi den rører ved større spenningar i høgre utdanning og politikk i 1970-åra. Det eg då kan gi, er sjølvstøtt eit innsideblikk, fordi eg har vore tilsett og i fleire periodar instituttleiar ved denne utdanninga. Mykje av det som blir fortalt kan dokumenterast med kjelder, men samtidig er det klart at mine eigne «briller» som deltakar i prosessane vil påverke både kva som blir trekt fram, og kva tolkingar som blir lagde til grunn.

Eg har lenge meint at starten og dei første åra av distriktshøgskulen i Volda si historie bør studerast av ein profesjonell historikar. Denne vesle studien vil bli publisert som eit notat, vedlagt brev og dokument som det blir vist til, til eventuell støtte for den som skal skrive ei meir grundig og uavhengig historie.

Volda september 2017

Kåre Heggen

Vedlegg: 5 notat (utheva i referanselista)

Starten i 1971. Frå «Velferd og organisasjon, allmenn line» til «Toårig studium i sosialpedagogikk»

Eit viktig bakteppe for starten og den vidare utviklinga av Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda frå rundt 1970, var «Ottosen-komiteen» sine fem innstillingar («Innstilling om vidareutdanning for artianere m.v.», levert i perioden 1966-70. Komiteen la grunnlaget for moderne masseutdanning i Noreg og for utbygginga av distriktshøgskular med to viktige siktemål. Eit mål var å sikre tilgangen til høgre utdanning i distrikta utanom universitetsbyane og deira nære omland. Eit anna var at ei slik utbygging rundt i fylka også skulle sikre dei same distrikta betre tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Dette førte så til opprettinga av distriktshøgskular etter Stortinget si tilslutning, nokre av dei i bygdemiljø og i nynorskmiljø. Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda var ein av desse, i lag med Bø i Telemark. Denne distriktspolitiske delen av komitéarbeid og vedtak vakte ikkje særleg politisk motstand, snarare tvert i mot.

Den andre delen av Ottosen-komiteen sitt forslag vekte derimot politisk storm, særleg i universitetsmiljøa og blant ei dåverande radikaliserert studentbefolkning. Distriktshøgskulane skulle avlaste universiteta og tilby korte og rimelege studiar, til vanleg to- eller treårige. Det nye skuleslaget skulle i liten grad drive med forskning og studietilboda skulle vere rasjonelle og fleksible, basert på kurstilbod som kunne veljast og setjast saman til studiekombinasjonar tilpassa eit arbeidsliv i stadig endring – det som i noko nedsetjande ordelag vart kalla kafeteriasystemet. Dette siste forslaget vakte stor motstand blant tilsette og studentar ved dei etablerte institusjonane, særleg i ei radikal studentmasse, også ved dei nystarta høgskulane, der studentane ville slåst for meir «heilskafelege» og forskingsbaserte studietilbod. Ein ville ikkje vere andre-rangs i høve til universitetsstudentane.

Ei framstilling av komiteen sine forslag finst i St.prp. nr. 136 1968-69. Då det var vedteke å starte ein distriktshøgskule i Volda rundt 1970, vart det halde eit seminar med regionale politikarar og kulturpersonar i august 1970, der ein diskuterte kva slags studietilbod som var aktuelt å starte opp i den nye høgskulen (sjølv sagt utanom dei studium som allereie var etablerte i den andre høgskulen i bygda – Volda lærarskule). Nokre av dei forslaga som kom fram (og seinare vart realiserte) var norsk språk og litteratur, lokalhistorie «med eit sosiologisk drag» og koplå til bygdehistorie, studium i lokalsamfunn, og der det var ei tenkt

kopling mellom lokalhistorie og lokalsamfunnsstudiet, medielinje, med vekt på lokalt mediearbeid/journalistikk, kyrkjelydsarbeid og velferdsarbeid. Dette siste temaet blei m.a. knytt til idear i ein avisartikkel av professor i organisasjonspsykologi ved Universitetet i Bergen, Svein Meldal Kile (Alle desse opplysningane er henta frå MRDH Volda, skrift nr. 5 1981: Distriktshøgskulen i Volda 1970-1989. Høgare utdanning i ei bygd, redigert av Frode Følling Birkeland og Peter Hallaråker, begge tilsette ved distriktshøgskulen Volda).

Dei to sistnemnde emna vart realiserte gjennom ein studieplan for toårig studium i «Velferd og organisasjon», delt i allmenn og teologisk line. Opphavleg skulle desse studia ha felles første år som skulle gi eit samfunnsfagleg grunnlag gjennom eit års teoretisk studium i psykologi, sosiologi og pedagogikk, men med eit meir emne- og problembasert andre år. Om lag 15-20 studentar vart tekne opp til «allmenn line» i 1971. Nærare 30 nye studentar vart tekne opp i 1972. Studiet skisserte kompetanse både i miljøarbeid (klubb- og ungdomsleiarar i kommunane, fritids- og velferdsarbeidarar i institusjonar og diverse rådgjevarfunksjonar i skulen), men og meir administrative funksjonar (fritidsleiarar, ungdoms- og idrettssekretærar, ungdomskonsulentar eller organisasjonssekretærar).

Planen viste seg nokså raskt å skape vanskar, både gjennom det som blei oppfatta som eit sprik i innretting, mellom miljøarbeid/sosialt arbeid på den eine sida, og meir administrativt og organisatorisk arbeid på den andre. Det kom til uttrykk i ei studentgruppe med nokså sprikande motivasjon for å starte på studiet – frå dei som var sterkt motiverte for å jobbe i idretts- eller andre organisasjonar – til dei meir sosialfagleg motiverte studentar. Det skapte og vanskar at utdanninga i svært liten grad hadde lite eigne lærarkrefter – undervisninga skjedde i stor grad gjennom timelærarar frå lærarskulen eller av fagfolk primært tilsette ved andre utdanningar. Opplegget bar og mykje preg av felles undervisning for studentar ved ulike studietilbod. Det skapte stor grad av uro og tautrekking om korleis studiet skulle utviklast i 1973 og 1974.

Den spenninga som etableringa av den nye distriktshøgskulen skapte i bygdebyen Volda, var truleg også med på å gi nerve og ekstra energi til dei interne konfliktane ved skulen. Etableringa av distriktshøgskulen markerte på ulike måtar eit tidsskilje i Volda. Fram til no hadde elevane ved gymnas og lærarskule anten pendla til Volda, eller oftare vore hybelbuarar i private hus her. Med distriktshøgskulen vart det bygd eigne student-blokker og etablert eigne festlokale for student-arrangement. I aukande grad radikalisererte studentar (og

lærarar) vart dermed ei meir både markant og synleg gruppe i Volda-samfunnet. Det var endringar som ikkje var like omtykte blant voldingane, og dei vart oftast kopla til distriktshøgskulen.

Også den intense kampen mot Ottosen-komiteen som gjennomsyra høgre utdanning tidleg på 70-talet verka inn på situasjonen ved dette studiet. Distriktshøgskulane vart sett på som realiseringa av komiteen sine forslag, og mange, også ved studiet i Volda, var kritiske til tanken om billege, rasjonelle studieprogram etter «Kafeteria-prinsippet». NOSO (Norsk sosisonomforbund) var eit talerør for denne kritikken når dei sto fast på prinsippet om eigne sosialskular og «enhetlige» utdanningar. Desse massive og nasjonale studentpolitiske kampane gjorde det truleg vanskeleg å sjå og argumentere for alternative studiemodellar. Kampen mot Ottosen-komiteen var altså ein viktig del av konteksten rundt dei nye studietilboda i Volda. I eit noko vidare perspektiv må ein også sjå etableringa av DH-skulen som del av ei større politisk ramme. Det skjedde i ungdoms- og studentopprøret si tid. Nyrekrutterte studentar og dels lærarar var involverte i dette opprøret. På ein liten stad som Volda skapte dette spenningar mellom den nystarta høgskulen og bygdefolk, men til dels også mellom nyrekrutterte lærarar og etablerte lærarar og fagmiljø ved den meir tradisjonelle lærarskulen i Volda. Nokre av lærarane ved distriktshøgskulen kom også over frå lærarskulen. Dei spenningane som oppsto rundt sosialpedagogikk-studiet må også tolkast i dette politiske perspektivet. Også andre av dei nystarta studia (mellom ane media- og journaliststudiet, lokalsamfunnsstudiet m.fl.) trekte også til seg unge, radikale studentar, men sosialpedagogikkstudiet vart truleg i sterkast grad kopla til denne radikale politiske rørsla.

Trass i at DH-systemet vart oppfatta som ueigna for å drive med sosialarbeidarutdanning, var NOSO likevel så pass interesserte i kva som skjedde i Volda, at underteikna, då stipendiat ved distriktshøgskulen, vart invitert til eit større NOSO-seminar på Gol i mars 1973, for å innleie om grunngevinga for studiet i Volda. På dette seminaret var det også nordiske representantar for sosialarbeidarutdanning, og ein representant for dansk utdanning, lektor Knud Eilskov, inviterte like godt stipendiaten frå Volda til København for å studere danske utdanningsmodellar, som kanskje ha eit fagleg innhald som kunne vere verd å byggje på i den vidare utviklinga av Volda-utdanninga. Det førte til at Kåre Heggen og student Lars Inge Terum, då førsteårsstudent ved studiet i Volda, i juni 1973 drog til

København-området og fekk innblikk i danske sosial- og sosialpedagogiske utdanningsmodellar. Dei sosialpedagogiske ideane ein fekk innsyn i her, påverka den nye studieplanen som var under arbeid i Volda. Men det var fleire inspirasjonskjelder. Ein viktig bakgrunn var den sosialpedagogisk diskusjonen og det sosialpedagogiske alternativet som vaks fram ved Pedagogisk fakultet, Universitetet i Oslo, sterkt påverka av den antipositivistiske vitskapsteoretiske diskusjonen desse åra. Det var ein fagdiskusjon som ikkje berre skapte eit sosialpedagogisk alternativ i Oslo, men også la grunnlag for eit alternativt pedagogikkstudium ved Distriktshøgskolen på Lillehammer. Nokre studentar i journalistikkmiljøet ved distriktshøgskulen i Volda hadde sin bakgrunn frå Lillehammer, og dei var også inspirasjonskjelder for studieplanen i sosialpedagogikk som blei utvikla og valt i Volda.

Gjennom ei rekkje «linjemøter» (allmøte mellom alle studentar og lærarar) med dragkampar mellom interessene, vedtok ein den nye studieplan til opptaket i 1973: «Toårig studium i sosialpedagogikk»: «Studiet skal først og fremst gi studentane føresetnader for førebyggjande sosialt arbeid og også kompetanse som miljøarbeidar/miljøterapeut». Det var altså den «sosiale» retninga som vann fram. Vedtaket førte også til at ein skilde lag med den «teologiske» lina, og fekk ei eiga samanhengande toårig utdanning. Den sosialpedagogiske påverknaden kom m.a. til uttrykk ved vekta på aktivitetsfag i utdanninga, der ein også tilsette eigen aktivitetsfaglærer som la vekt på m.a. drama og formingsaktivitetar.

Kompetanseproblemet

Men «kompetanseproblemet» var ikkje løyst med dette. Eit udatert notat frå hausten 1975 (skrive av underteikna) bygde på ei lita undersøking av situasjonen til 66 uteksaminerte kandidatar frå studiet i perioden 1973-75. Den synte at mange hadde vanskar for å få noko att for utdanninga i Volda når det galdt status og løn. Mange arbeidde med miljøarbeid og sosialektor elles, men oftast definert som ufaglærte «miljøarbeidarar». «Problemet» var skriv frå Helsedirektoratet som knytte tittelen miljøterapeut til sjukepleiarar, vernepleiarar og barnevernspedagogar. Våre kandidatar vart ikkje rekna med her. Det førte til fleire møte med departement og Helsedirektorat, utan at det førte til umiddelbar endring. For tilsette og

studentar skapte det frustrasjon. Mange syntes utdanninga var fagleg bra, men ikkje vart tilstrekkeleg verdsett.

Men Kyrkje- og undervisningsdepartementet tok i alle fall synspunkta frå utdanninga i Volda på alvor. Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda søkte 5. mai 1975 om generell kompetanse som miljøterapeut for kandidatane. Etter at Sosialdepartementet ikkje fann å imøtekome søknaden, førte drøftingar mellom departementa fram til at Sosialdepartementet oppmoda KUD om ei samanliknande vurdering av utdanninga som barnevernspedagog og det toårige studiet i sosialpedagogikk. KUD bad rektor og professor Edvard Befring og konsulent Reidun Tangen ved Statens spesiallærarskole om å gjere ei slik vurdering. Dei konkluderte 15.11.1976 med at «studiet i sosialpedagogikk synes å ha et opplegg som kan imøtekomme de kvalifikasjonskrav miljøterapeuter bør tilfredsstille i større grad enn barnevernlinja». Dette pga. at studiet her er «mer helhetlig og mer holdningsskapende til problemfeltet». Dette førte så vidare til at Sosialdepartementet i brev den 7. mars 1977 godkjende studiet i sosialpedagogikk på line med barnevernsutdanninga når det galdt avlønning som miljøterapeut (underskrive av helsedirektør Torbjørn Mork).

Men kampen om miljøterapeut-kompetanse var ikkje over med dette. Sentrale personar knytt til barnevernsutdanningane i Noreg arbeidde aktivt mot Sosialdepartementet, og oppnådde å fjerne tilvisinga til sosialpedagogikkstudiet i Volda. Korrespondanse mellom Kyrkje- og undervisningsdepartementet, Møre og Romsdal Distriktshøgskule, Volda og Sosialdepartementet syner noko av denne dragkampen som skjedde i 1978-79 (sjå referansar).

Kompetanseproblemet hadde også ein annan dimensjon. Det toårige studiet var heller ikkje formelt godkjent i akademisk samanheng, t.d. som komponent i ein cand.mag.-grad. Det førte m.a. til at kandidatar frå studiet som arbeidde som lærar, ikkje fekk noko form for utteljing for dette studiet. Resultatet blei at Distriktshøgskulen 16. oktober 1978 sende søknad til «Nasjonalt koordinerende utval for godkjenning av eksamener, Universitetet i Bergen» om godkjenning som uspesifisert mellomfag. Etter ein prosess vart saka avgjort i møte 1.-2. desember 1980 i Det norske universitetsråd. Studiet i sosialpedagogikk etter studieplanen for 1973-75 og seinare blei godkjent som grunnlag for fritak for eit uspesifisert mellomfag/30 vektal i ei universitetsgrad. Eksamen etter studieplanen for 1971-73 og 1972-

74 blir elles godkjend som grunnlag for fritak for eit uspesifisert grunnfag/20 vektal i ei universitetsgrad.

Kampen for sosionomutdanning

Men kampen for å styrke yrkeskompetansen var altså ikkje fullført. Allereie før godkjenninga frå Sosialdepartementet, hadde ein ved studiet sett ned ei gruppe som våren 1977 arbeidde med ein plan for å utvide studiet i sosialpedagogikk til ei treårig sosionomutdanning.

Initiativet bygde både på behovet for å utdanne sosionomar i denne delen av landet, fordi slik utdanning ikkje fanst mellom Trondheim og Stavanger, men minst like mykje fordi dette kunne vere ei god løysing på dei kompetanseproblema ein sleit med.

«Utvidingskomiteen» vart leia av amanuensane Bjarte Rekdal (leiar) og Kåre Heggen (sekretær). I tillegg var amanuensis Else Kielland med, Lars Inge Terum frå SPIO («Sosialpedagogisk interesseorganisasjon», interesseorganisasjonen til studentar og kandidatar, skipa nettopp for jobbe med kompetansespørsmåla), samt studentrepresentantane Mariann Weisletten, Perry Remøy og Jostein Sletvold. Komiteen leverte si innstilling og plan for ny sosionomutdanning i august 1977.

Proessen vidare såg ei stund ut til å gå rette vegen, sjølv om det var motstridande syn på forslaget. Innstillinga om sosionomutdanning fekk tilslutning i det regionale høgskulestyret i møte 16. desember 1977 (sak 106/77). I eit notat 24.01.1978 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet blir saka sendt til uttale frå relevante instansar. Sekretariatet i Rådet for sosialarbeiderutdanning utarbeider eit notat der det blir gitt ein del merknader til planen om sosionomutdanning, men antatt at den «foreliggende undervisningsplan vil kunne godkjennes som sosionomutdanning etter at det er tatt hensyn til ovennevnte merknader ...». Norsk sosionomforbund (NOSO) er derimot kritisk til å opprette sosionomutdanning ved distriktshøgskulen, men foreslår 17. mars 1978 alternativt at det blir oppretta ein eigen sjølvstendig sosialskule i Volda. Det er eit forslag som blir støtta av Norsk Ergoterapeut forbund (21.03.1978) og av Fellesrådet for sosialskolestudenter (23. mars same år). I eit møte mellom representantar for høgskulen og departementet 12. februar 1979, m.a. med Dag Omholt frå Høgskuleavdelinga, kom det likevel klart fram at KUD ville gå inn for oppstart av sosionomutdanning ved distriktshøgskulen i Volda frå hausten 1980, vidare

at ein dermed kunne sleppe å ta opp nye studentar til studiet i sosialpedagogikk hausten 1979, samt at ein samtidig med oppstart av ny utdanning, kunne gi tilbod om ei eittårig påbyggingsutdanning for tidlegare kandidatar for å sikre dei same kompetanse. Rektor ved Distriktshøgskulen, Jan Ove Ulstein, sende 15. februar 1979 brev til det regionale høgskulestyret med von om at KUD ville innstille på sosionomutdanning i Volda frå hausten 1980. Han ber vidare om løyve til å ikkje ta opp studentar til sosialpedagogikk hausten 1979.

Men så møtte forslaget motstand frå to ulike hald. Det regionale høgskulestyret i Sogn og Fjordane gjorde vedtak i sak 43/78 om at sosialarbeidarutdanning bør organiserast i sjølvstendige institusjonar. Og ein ser det som rimeleg at slik utdanning blir etablert i Sogn og Fjordane. Vedtaket har nok også sin bakgrunn i at dette fylket så langt knapt har fått etablert studietilbod i høgre utdanning.

Motstanden kom også frå sosialhøgskular og sosialarbeidarprofesjonar. FR (Fellesrådet for sosialskulestudentar) gjekk som nemnt 23. mars 1978 mot oppretting av sosionomutdanning ved distriktshøgskulen i Volda. I staden vil dei ha ein eigen sosialskule i fylket. I

Sunnmørsposten i oktober 1979 står formannen i NOSO i Møre og Romsdal, Arne Birger Heli, fram: «Nei til sosionomer frå student-ghettoen i Volda». Han viser til NOSO sitt standpunkt om at sosionomutdanning bør skje i eigne sosialskular, og han varslar boikott om det blir aktuelt med slik utdanning. Om slik utdanning blir etablert i Møre og Romsdal eller i Florø (som har blitt aktualisert) betyr ingen ting for rekruttering til vårt fylke, hevdar Heli.

Departementet sitt ønskje om å etablere sosionomutdanning i Volda møtte så uventa regionalpolitisk motstand i Stortinget, som i desember 1979 gjorde vedtak om at sosionomutdanninga i staden skulle etablerast i Florø, Sogn og Fjordane. Dermed gjekk lufta ut av ballongen i Volda. Det høyrer med til historia at psykolog Åge Steinset vart tilsett som rektor for å førebu sosialskulen i Florø – som aldri vart realisert.

Nedtur som skapte intern dragkamp i Volda

Stortinget sitt vedtak skapte frustrasjon og dramatikk i Volda. Og ekstra dramatisk vart det då Ivar Aasen-huset ved distriktshøgskulen vart råka av brann i desember 1979, samtidig som linjemøte vart sitjande to dagar i intens diskusjon om kva ein no skulle finne på.

Arbeidet resulterte i ei notat datert 11. desember frå linjemøte ved sosialpedagogikk til styremøte i det regionale høgskulestyret 19. desember, der linjemøtet argumenterte for at ein no alternativt måtte etablere ei treårig yrkesretta utdanning, «... likeverdig med dei konkurrerande sosialarbeidarutdanningane». Og vidare: «Heile studieplanen i det nye studiet i sosialpedagogikk må bere preg av at det er ei yrkesretta utdanning, sikta inn mot sosialt arbeid».

Men vedtaket i Stortinget hadde medverka til ulike syn på saka, både blant dei tilsette ved sosialpedagogikk og blant dei tilsette elles ved distriktshøgskulen. Det førte til at det vart lagt fram to ulike notat i saka. Det eine, med overskrifta «Nokre tankar om det føreståande arbeidet med langtidsplanlegging ved DH i Volda» var skriva av tre av dei fagtilsette ved studiet, Tor-Johan Ekeland, Bjarte Rekdal og Gunnar Stave. Dei viser til at det synes å vere stor semje om at det skal planleggast utdanning innanfor ei tre års ramme, men at diskusjonen om modell, «3-årig» eller «2+1» er abstrakt og uklar. Dei argumenterer for fleksibilitet, og hallar til ein modell for dei ulike yrkesretta studia ved høgskulen der det er to første år som i stor grad er åtskilde for alle dei yrkesretta studia (lokalsamfunnsstudiet, media, sosialpedagogikk, kyrkjefag). Dette kan gi tilstrekkeleg yrkesmessig identitet. På tredje års nivå kan ein så bryte med linjestrukturen, og gi tilbod som kan veljast på tvers av dei ulike toårige studia. Altså ein fleksibel 2+1 modell. Dei luftar også ein mulig tredje modell, der det første året er ei felles og meir generell innføring i samfunnsfaglege disiplinar, medan andre og tredje året hadde meir yrkesretta studiar.

Det andre notatet var forfatta av underteikna (Kåre Heggen) og hadde overskrifta, «'3' eller '2+1' eller '1+2'?. Eit utgangspunkt for diskusjon om framtidig studieorganisering ved skulen». Dette notatet var formulert som eit svar på notatet nemnt ovanfor. Notatet konkluderte med at ein treårig samanhengande studiemodell var den beste: «Den gir høve til studieopplegg basert på yrkesmålsetting, fagleg progresjon i studiet og tilstrekkeleg vektlegging på linje- og yrkesidentitet. Samtidig er det ikkje ein lukka modell. Linjene kan samarbeide der dette er av felles fagleg interesse.» I notatet blir det og argumentert med at ein må velje ein modell som har rimeleg sjanse for å lukkast på arbeidsmarknaden og overfor konkurrerande utdanningar. Det siste har nok sin bakgrunn i erfaring med den nærare ti år gamle kampen for å oppnå kompetanse for kandidatane. Begge desse notata blir vedlagt denne utgreiinga.

Eit udatert notat frå studentane på sosialpedagogikk frå årsskiftet 1979/80 syner stemninga blant studentane. Dei set 3 og 2+1 modellane opp mot kvarandre: «Det som i størst grad skiller disse modellene er at den første har fra starten av en innebygget progresjon som gir en yrkesretting av studiet. Den andre derimot vil nærmest virke som en kombiløsning som skal ta vare på alle behov og interesser. Som sosialarbeiderutdanning å betrakte, har den etter vår vurdering liten verdi». Og vidare: «Det en kan legge merke til er at modellen ikke på noen måte er faglig begrunnet. Vår påstand er at modellen begrunnes i ressurs sparing og fleksibilitet». Skrivet kan truleg tolkast som eit framhald av kritikken mot Ottosenkomiteen sine forslag om fleksible studiemodellar.

Studieplanen vart så tatt opp som sak i Skolerådet 27. februar 1980. Peter Hallaråker (tilsett, norsk) starta debatten med å forsvare 2+1 modellen, medan rektor (Jan Driveklepp) ikkje ville invitere til ny prinsippdrøfting. I vedtaket sluttar skolerådet seg til den teksta som sosialpedagogikk har foreslått når det gjeld studiehandboka for 1980/81. Skolerådet slutta seg til at det nye sosialarbeidarstudiet (med 3-årig ramme) kan byggjast ut med eksisterande ressursramme inkludert ein tilvekst i 1981 på ei og ei halv ny stilling til dette studiet. Men pkt. 1 i vedtaket slår fast at ein må kome attende til spørsmålet om studiemodell.

Men studiemodellen var ikkje endeleg avklara med dette. I eit notat til det regionale høgskulestyret 3. mars 1980 skriv t.d. høgskuledirektør Bjørn Huseby følgjande: «Når det gjeld studiemodellen eller strukturen for det nye studiet, synest situasjonen framleis høgst uviss. På den eine sida seier høgskulerådsvedtaket 27.2.80 i punkt 1 at ein må kome attende til studiemodellen. Det skulle tyde på at studiestrukturen enno ikkje er fastlagd. På den andre sida heiter det i punkt 2 at skulerådet sluttar seg til teksta for studiehandboka 1980/81. I denne er det ikkje teke atterhald om mogleg endring i strukturen for studiet. Tvert om ligg det ved ei skjematisk oversikt over studiet som gir eit temmeleg klårt bilete av korleis studiet er tenkt oppbygt frå semester til semester frå 1. til 3. år. I den planen av 10.1.80 som skulerådet i prinsippet har slutta seg til, heiter det også på s. 7 at, 'Det er lagt vekt på å presentere ein integrert studieplan'.»

Som antyda ovanfor, skapte den indre striden om modell engasjement blant studentar og kandidatar, ikkje minst på grunn av dei kompetanseproblema mange hadde møtt i yrkesfeltet. Dei hadde tidlegare starta sin eigen interesseorganisasjon, SPIO – Sosialpedagogisk interesseorganisasjon, og der kompetansespørsmålet var eit viktig fokus

for arbeidet. SPIO var tungt organisert med både Sentralstyre (Hans Kristian Henriksen (leiar), Torunn Nilsen, Else-Margrethe Tøraasen og Ole Gunnar Monsen), Landsstyre (Arne T. Bie, Perry M. Remøy, Åslaug Alsaker og studentrepresentant Åse Kristiansen) i 1978. SPIO gav ut eiga avis (redaksjon Torill Ulfseth, Tone Kvammen og Eli Fjeldseth Røys) og hadde pr. 15. november 1978 totalt 99 medlemmer. Før 1978 var Bitten Håvik leiar i SPIO. Midt i denne striden samla dei seg i Volda til «landsmøte», truleg i mars/april 1980. Svært mange, studentar og kandidatar, samt lærarar møtte fram. Det møtte også ein representant for høgskuleavdelinga i departementet, saksbehandlar Egil Kallerud. KUD hadde gått inn for sosionomutdanning i Volda, hadde fått med seg krangelen om studiemodell, og sende nok Kallerud til dette SPIO-møtet for å setje seg inn i diskusjonen.

Før Kallerud kom, hadde underteikna ein telefonsamtale med han, der han etter mine notatar sa omtrent følgjande: Nokså mange i høgskuleavdelinga meiner at ein ikkje kan nekte Volda ei 3-årig utdanning. Han viser til at Kari Østvedt (byråsjef) er innstilt på eit høyringsmøte i KUD om saka. Ho har førebels eit uklart bilete av fagplanen, men denne vil bli nærare avklara gjennom Kalleruds utgreiing. Behovet for ei snarleg avklaring blir understreka, og ein ønskjer å følgje med på SPIO sin diskusjon og eventuelle vedtak.

På SPIO-møtet vart begge modellane nemnt over lagt fram og diskutert. SPIO-møtet diskuterte og samla seg om eit klart vedtak om å gå inn for ei treårig samanhengande utdanning. I mitt arkiv manglar sjølve vedtaket, men fleire av dei som var aktive i SPIO har stadfesta innhaldet i vedtaket.

Skjebnen for utdanninga i Volda vart også ei sak for «Distriktshøgskolestudentenes Landsforbund» (DHL) samla til sentralstyremøte i Stavanger 22. april 1980. Det vart her fatta vedtak om ein resolusjon, der m.a. følgjande er formulert: «Sentralstyret i DHL støtter sosialpedagogikkstudentenes syn om at denne utdanningen må gjøres helhetlig. Vi ser at det er kommet fram forslag om ei såkalla «2+1-ordning». Sentralstyret i DHL finner denne løsningen uheldig av flere grunner. For det første kan vi ikke se at det er en tilfredsstillende løsning for kompetansespørsmålet å gjøre utdanningen såpass uklar som det her er gjort. Det kan ikke etter vårt syn bli enkelt å – hverken formelt eller reelt – si hvem som er utdannet sosialarbeider; de som har de to første åra, alle som kommer inn på tredje året eller kun de som tar alle tre åra.»

Fram mot endeleg omorganisering av studiet

Etter SPIO-møtet i Volda, sende så KUD (med Kallerud som sakshandsamar) 20. mai 1980 brev til Rådet for sosialarbeidarutdanning. Ein viste til arbeidet i Volda med å styrke og omorganisere sosialpedagogikk-studiet til ei treårig utdanning. Ein ber RSU ta stilling til dei planane som er lagt for studiet.

9. mai arrangerte så KUD eit høyringsmøte i Oslo der m.a. NOSO, BVPL, SPIO, RSU, Sosialdepartementet, Helsedirektoratet samt MRDH Volda fekk uttale seg. Her dukka ein idé om å utvikle sosialpedagogikk-studiet til ei treårig barnevernspedagogutdanning opp.

I brev frå KUD til MRDH Volda og til Det regionale høgskulestyret 1. juli 1980, blir det innleiingsvis referert til svaret frå RSU i to punkt:

«1. Den sosialpedagogiske utdanningen i Volda legges inn under Rådet for sosialarbeiderutdanning og samordnes med den eksisterende barnevernspedagogutdanningen.

2. Utdanningen bør fortsatt ha en egen fagprofil innenfor en gitt rammeplan og bygge på det fagmiljøet som allereie eksisterer ved høgskolen.»

Departementet viser til dette og finn ikkje grunnlag for å gi endeleg godkjenning av den framlagde planen. Men det mest interessante i brevet frå departementet er at ein viser til det pågåande arbeidet mellom Norges kommunal- og sosialhøgskole og Sosialhøgskolen i Stavanger med tanke på rammeplanar for eit treårig barnevernspedagogstudium. Det synes derfor lite aktuelt for Volda å no starte ei toårig barnevernspedagogutdanning. Ein aktuell veg er difor å ta kontakt med dei to andre høgskulane, og eventuelt utvikle ei treårig barnevernspedagogutdanning. Ein godkjenner at studiet startar opp førebels etter dei planane som er lagde for eit treårig studium, men at ein undervegs tilpassar planane etter eit treårig barnevernspedagogstudium. Departementet sitt ønskje om at Distriktshøgskulen i Volda skulle få ei treårig utdanning, samt RSU si understreking av eigen fagprofil og å bygge på eksisterande fagmiljø, kan tolkast som ein gest til dei fagtilsette som drog lasset ved sosialpedagogikkstudiet i Volda gjennom 70-talet.

21. juli 1980 kunne så endelig fagseksjonen ved sosialpedagogikkstudiet (ved Kåre Heggen og Gunnar Stave) sende brev til alle kandidatar frå det toårige sosialpedagogikk-studiet om avgjerda som var tatt om å starte det treårige studiet etterfølgjande haust. Kandidatar frå det toårige studiet ville automatisk få same status som kandidatar frå det nye studiet.

Sett i ettertid

Den treårige barnevernsutdanninga kom altså i gang frå hausten 1980. Ti år etter fekk høgskulen lov til også å etablere treårig sosionomutdanning. Nye tilsette spela viktige roller i realiseringa av sosionomutdanning, m.a. høgskulelektor Hallgerd Conradi, men dette er ei anna historie. Vidareutdanningar kom til, i leining i helse- og sosialsektoren, innan rusfeltet, i barnevern, i studium av livsløp og i helsepedagogikk mm. Frå 2007 fekk ein godkjent masterstudium i helse- og sosialfag, «Meistring og myndiggjering», og frå 2015 har ein fått godkjend Ph.D-studium i helse- og sosialfag gjennom samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde. Våren 1973 var det om lag 40 studentar ved velferd- og organisasjonsstudiet og knapt fast tilsette lærarar ved studiet. Våren 2017 har Institutt for sosialfag rundt 500 heiltidsstudentar ved bachelor-, vidareutdanning- og masterprogramma, samt 24 fast tilsette lærarar. I tillegg er det tilsett mange Ph.D-stipendiatar i fagmiljøet.

Det er vanskeleg å vite korleis det hadde gått med sosialarbeidarutdanning i Volda dersom ein hadde valt annleis i dei kritiske fasane i utviklinga. Motiva for dei ulike standpunkta i diskusjonane om studiemodell var dei beste for alle partar; å byggje ei god og varig utdanning. Den eine sida i diskusjonane var truleg meir enn dei andre prega av ein lang og slitsam kamp for å oppnå formell yrkeskompetanse. Den løysinga KUD gav i 1980 – den første treårige barnevernsutdanninga i Noreg, var nok alle partar godt nøgde med.

Dei politiske spenningane i Noreg på 1970-talet, om utdanningspolitikk, men også om m.a. distrikts- og velferdspolitik, spela ei viktig rolle for at diskusjonane rundt utviklinga av sosialarbeidarutdanninga i Volda blei skarpe og til tider problematiske.

Referansar

Innstilling nr. 1-5 (1966-70) fra komitéen til å utrede spørsmål om videreutdanning for artianere og andre med tilsvarende grunnutdanning («Ottosenkomitéen»).

St.prp. nr. 136 1968-69.

Birkeland, F.F. & P. Hallaråker (red.). *Distriktshøgskulen i Volda 1970-1980. Høgare utdanning i ei bygd*. Mære og Romsdal distriktshøgskule, Volda. Skrift nr. 5, 1981.

Møre og Romsdal distriktshøgskole, 6101 Volda. Velferd og organisasjon, allmennline (Studieplan, udatert).

Kåre Heggen: Foredrag på Gol, 5. mai 1973, «Nytt studium ved organisasjons- og velferdsstudiet, Distriktshøgskulen i Volda.

MRDH Volda. 2-årig studium i sosialpedagogikk. Studieplan, vedteken 1973.

Kåre Heggen: «66 'sosialpedagogar'». Udatert notat MRDH Volda

Edvard Befring og Reidun Tangen: Sammenliknende vurdering av studiet i sosialpedagogikk ved Møre og Romsdal distriktshøgskole og barnevernslinjen ved Norges kommunal og sosialskole i relasjon til miljøterapeutkompetanse. (15.11.1976)

Sosialdepartement: Avlønning som miljøterapeut for kandidater fra 2-årig studium i sosialpedagogikk. (7. mars 1977)

Sosialdepartement: Stillingsbetegnelsen miljøterapeut ved statens psykiatriske institusjoner – kandidater fra 2-årig studium i sosialpedagogikk. (30. oktober 1978)

Kirke- og undervisningsdepartementet: Stillingsbetegnelsen miljøterapeut ved statens psykiatriske institusjoner – kandidater fra 2-årig studium i sosialpedagogikk. (11.12.1978)

Møre og Romsdal Distriktshøgskole: Søknad om 2-årig studium i sosialpedagogikk ved Møre og Romsdal distriktshøgskole i Volda om godkjenning som uspesifisert mellomfag (grunnfag) (16. oktober 1978).

Det norske universitetsråd: Søknad om godkjenning av 2-årig studium i sosialpedagogikk etter studieplan for 1973-1975 og senere som grunnlag for fritak for del av en universitetsgrad.

Møre og Romsdal DH-skole: Brev til Sosialdepartementet 26.01.1979.

Kirke- og undervisningsdepartementet: Stillingsbetegnelsen miljøterapeut ved statens psykiatriske institusjoner – kandidater fra 2-årig studium i sosialpedagogikk. (29.01.1979)

Plan for ny sosionomutdanning, august 1977.

Fråsegner til planen om sosionomutdanning ved Distriktshøgskulen i Volda.

Eigne notatar frå møte i Kyrkje- og undervisningsdepsartementet 12.02.1979 mellom KUD (Omholt, Rolstad, Johansen), MRDH (Huseby, Ulstein, Stave, Heggen) og SPIO (Henriksen).

Rektor Jan Ove Ulstein: Brev til Det regionale høgskulestyret, 15. februar 1979.

Sogn og Fjordane høgskulestyre: Uttale om sosialarbeidarutdanninga i Møre og Romsdal, styresak 43/78.

«Nei til sosionomer frå student-ghettoen i Volda». Oppslag i Sunnmørsposten, oktober 1979.

Notat frå studiet i sosialpedagogikk til styremøtet 19. desember 1979, vedlagt **to notat om aktuelle studiemodellar.**

To-årig studium i sosialpedagogikk. Udatert notat frå studentar på sosialpedagogikk ved årsskiftet 1979/80.

Distriktshøgskolestudentenes Landsforbund (DHL): Resolusjon vedtatt på sentralstyremøte 22/4-80.

Referat frå møte i Skolerådet ved Distriktshøgskulen i Volda 27.02.1980.

Sosialpedagogikkstudiet – framlegg til framtidig organisering. Notat til det regionale Høgskulestyret, direktør Bjørn Huseby, 03.03.1980.

Telefonsamtale med konsulent Egil Kallerud, KUD, 20.03.1980 (eigne notatar).

KUD: Brev til Rådet for sosialarbeiderutdanning, 20.05.1980.

KUD: Brev til Distriktshøgskulen i Volda og Det regionale høgskulestyret, 01.07.1980.

MRDH Volda: Brev til alle kandidatar frå 2-årig sos.ped. 21.07.1980.

Tor-Johan Ekeland, Bjarte Rekdal, Gunnar Stave:

NOKRE TANKAR OM DET FØRESTÅANDE ARBEIDET MED LANGTIDSPLANLEGGING
VED DH I VOLDA.

Etter at Stortinget gjorde vedtak om å plassere ei ny sosionomutdanning på Vestlandet i Florø, har vi ved DH i Volda hatt ein uryddig situasjon. Svært ulike situasjonsanalyser, sprikande vurderingar av kva premisser som burde leggest til grunn for eventuell vidareføring av sos.ped.-studiet, samt uklare og lite gjennomdrøfta langtidsplanar, har gjort ein sakleg og fagleg orientert debatt om den framtidige utviklinga ved skulen svært vanskeleg. I tillegg har gjensidig mistillit mellom ulike grupperingar stengt for ei open meiningsutveksling. Dette generelle skulepolitiske klimaet har desverre vist seg å vere eit dårleg utgangspunkt for alle forsøk på å arbeide fram kompromiss. Eit fristande alternativ i ein slik situasjon er klargjering av dei kontroversielle spørsmåla gjennom open konfrontasjon. Problemet med ei slik avklaring i den situasjonen vi no er oppe i, er at ho vil skje på grunnlag av ei svært ufullstendig gjennomdrøfting av viktige spørsmål for skulen si vidare utvikling. Ei avklaring vil i så fall kunne kome på svært uklare premisser.

For fagseksjonen ved sos.ped. har det sidan styremøtet i desember vore ei målsetjing å skape ein open situasjon omkring dei kontroversielle spørsmåla som knyter seg til ei vidareføring av sos.ped.-studiet innanfor ei tre års ramme. Vi har tenkt oss dette som ein prosess der skulen på det noverande tidspunkt fastlegg dei minimumsvilkår som er nødvendige for å kunne utlyse studentopptak til hausten. Dei vil seie at vi har tenkt oss at mange av dei spørsmåla som det har rådd usemje om, kunne diskutert vidare under mindre tidspress og i lys av ei samla utvikling ved skulen på lengre sikt. Fleire av dei spørsmåla som blir diskuterte, kan berre få eit realistisk og skikkeleg svar når dei blir plasserte inn i ein slik samanheng. Det gjeld spørsmålet om studiemodell, og det gjeld spørsmålet om ressursar.

Arbeidet med langsiktig planlegging kom godt i gang i studienemnda våren 1979, og det ligg alt føre fleire notat m.a. av tidlegare og noverande rektor og direktøren. Det er etter vår meining svært viktig at dette arbeidet ikkje stansar opp, men blir ført vidare i vårsemesteret.

I dette notatet vil vi tillate oss litt høgtenking for å prøve å identifisere nokre viktige problemstillingar, som bør stå på dagsorden i ein slik komande diskusjon om langsiktige planar ved skulen, og dermed aktuelle spørsmål for vidareføringa av sos.ped.-studiet og utvikling av andre linjer.


Når det gjeld den faglege oppbygginga av det nye sos.ped.-studiet, er den framlagde studieplanen eit uttrykk for at det i grove trekk er semje om det faglege innhaldet i ei utdanning med tre års ramme. Usemja har særleg vore knytt til spørsmålet om det skal vere opning mellom 2. og 3. året. Diskusjonen om dette spørsmålet har til no vore abstrakt og knytt til nemningane "2+1" og "3-årig", som har hatt eit lågt presisjonsnivå. Det har gjennom debatten kome tydeleg fram at det blir lagt til dels svært ulikt innhald i omgrepa. Vi vil her hevde som vår meining at ein isolert diskusjon av spørsmålet om studiemodell med utgangspunkt i desse omgrepa, i beste fall blir ufullstendig og ufruktbar. Ein viktig premis for denne diskusjonen burde vere det samla studietilbodet og dei langsiktige planane ved skulen.

Når det gjeld sos.ped., er det klart at etter at sosionomalternativet fall vekk står vi i ein friare situasjon i forhold til rammer og krav frå ytre instansar. Vi står altså i ein situasjon der vi på eit friare grunnlag kan legge opp eit studietilbod som tek omsyn til dei interne forhold ved skulen, dvs. noverande studietilbod og utviklingsplanar.

For dei fleste av dei to-årige studia synest det i dag å vere ei felles oppfatning at studentane blir for kort ved skulen til at dei får ein forsvarleg fagleg ballast og tilstrekkeleg yrkesmessig identitet. Ved alle dei to-årige studia unnateke Media, ligg det såleis føre planar om eit tredje påbygningsår. I tillegg har kursutvalet kome med eit konkret utkast om 1-årig kurs i helse- og sosialadministrasjon. Frå før har vi trygdekurset. Ein gjennomgang av dei ulike fagplanane, viser ein viss slektskap mellom dei, inklusiv tredjeåret på sos.ped., slik det er skissert i den framlagde fagplanen. Vi kan peike på i alle høve to perspektiv som går igjen. Det er for det første lokalsamfunnsperspektivet som også er ein fellesnemnar for fleire grunnstudium. Det andre er eit administrativt perspektiv. Det er også grunn til å trekke fram at felt som planlegging, sosialt arbeid, kyrkjelydsarbeid og lokalsamfunnsjournalistikk, er oppgåver som ofte kan gripe over i kvarandre, og der ein til ein viss grad vil ha nytte av det same fagstoffet. Det synest såleis å vere gode faglege grunnar for å sjå tredjeårsplanane og dei eit-årige vidareutdanningstilboda i samanheng. Dersom vi i tillegg dreg inn ressursituasjonen no og i nær framtid, kan dette bli tvingande nødvendig dersom planane skal kunne realiserast.

På denne bakgrunn må det frå skulen sin synsstad vere fornuftig å operere med studiemodellar som har ein viss grad av fleksibilitet. Men sett frå linjesynspunkt kan ei innvending vere at fleksibiliteten ikkje må bli så stor at det blir umogleg å skape ein yrkesmessig og fagleg identitet. Ei mogleg løysing på dette er å tenkje seg dei to første åra som i stor grad åtskilde for alle dei yrkesretta studia. Då kan ein som no gi ein tilstrekkeleg yrkesmessig identitet, medan ein på 3. års nivå (og eventuelt 4. og 5. års nivå i ei fjern framtid) kan bryte meir med linjestrukturen. Generelt vil dette gjere det mogleg for skulen å utvikle eit tilbod på 3. års nivå, som dels er eit framhald av det einskilde av dei to-årige studia og dels eit tilbod på tvers av linjene og eventuelt for folk utanfrå med tilsvarende for-kunnskapar.

Når det gjeld diskusjonen omkring sos.ped.-studiet, har den abstrakte diskusjonen om "2+1" eller "3-årig" blokkert får å kome inn på slike konkrete spørsmål. Situasjonen har blitt polarisert trass i at "modellane" er svært upresist definerte. Vi trur derfor at det vil vere fruktbart i den vidare debatten å la desse modellnemningane ligge, og heller trekke fram dei konkrete konsekvensane av modellane til diskusjon. Dersom vi skulle prøve å trekke slike konsekvensar av dei premissane som er lagde framanfor, så ville ein del av studietilbodet ved skulen kunne sjå slik ut ein gong i framtida.



I alle planane om tredjeårsstudium er det innebygt ulike spesialiseringsretningar. Eit eventuelt tilbod innan Lokaladministrasjon kan også tenkjast som eit 4. år.

Når det gjeld tredjeårseiningane generelt, er det sannsynleg at dei delvis vil overlappe og ikkje utgjere heilt åtskilte årseiningar, men dette er eit viktig punkt å konkretisere, slik at det blir mogleg å sjå ressursbehovet for kvart område skulen vil utvikle eit tilbod på. Å utvikle eit studietilbod i den retning som er nemnt i skissa, må sjølvstundt vere ein langsiktig plan som må samordnast med andre utviklingsplanar ved skulen, og som må utviklast stegvis. I den aktuelle situasjonen kan forslaget til ny studieplan for eit tre-årig sos.ped. sjåast på som eit første steg i den retninga. For å gjennomføre denne planen, har sos.ped. rekna med at dei prioriterte stillingane på 1981-budsjettet (økonom og metodestilling) er tilstrekkeleg. På lengre sikt vil ei stilling til arbeidet med praksisfeltet vere ynskjeleg. Moglege neste steg i ei slik utvikling som alt er framme i skulesystemet, er Lok.samf.'s 3. år, KM's 3. år, det planlagde kurset i helse- og sosialadministrasjon i uprioritert rekkjefølgje. Men det er klart at dersom ein skal utvikle alternative tredje år, vil dette også kreve ressursar. Kor stort dette ressurskravet vil bli, kan først bli klart etter at desse spørsmåla har blitt drøfta på tvers av dei impliserte linjene.

Vi har her skissert ein tenkjemåte blant fleire aktuelle. I den and modellen som har stått i fokus for debatten i den siste tida har hovudkjenneteiknet vore at dei yrkesretta studia blir bygt opp som to- eller tre-årige heilskaplege einingar.

Ein tredje modell som tidlegare var lufta gjekk ut på å tenkje seg det første året som det mest aktuelle nivået for samarbeid. Det blei diskutert om det første året kunne vere eit innføringsår i samfunnsfaglege disiplinar som i stor grad var felles, mens ein på 2. og 3. års nivå hadde meir yrkesretta studier.

Det er viktig at vi i det komande arbeidet med langtidsplanlegging også får desse og andre moglege modellar konkretisert og sett i forhold til den framtidige utviklinga ved skulen.

Dette notatet er eit forsøk på å setje på dagsorden ein del av dei problemstillingane som må diskuterast på bakgrunn av vedtaket i skuleråd. Det er for oss viktig å kome med dette utspelet for å prøve å få diskusjonen ut av eit blindspor, samtidig som vi vil gi uttrykk for ei sterk interesse for å fylgje opp debatten vi har hatt den siste tida, samt fylgje opp dei ulike kompromissvedtaka i studienemnda, AU og skuleråd.

Vi ser det slik at denne diskusjonen bør starte i studienemnda og bli ein del av studienemnda sitt arbeid med langsiktig planlegging, som skulle starte i vårsemesteret. Studienemnda bør vurdere om det kan vere føremåls-tenleg å setje ned eit mindre utval til å greie ut spesielt om den sektoren av skulen sitt arbeid som er diskutert i dette notatet.

Kåre Heggen: "3" ELLER "2+1" ELLER "1+2". EIT UTGANGSPUNKT FOR
DISKUSJON OM FRAMTIDIG STUDIE-ORGANISERING VED SKULEN.

Det har dei siste månadene gått føre seg ein debatt på sos. ped.-studiet om organiseringa av det nye studiet, etter at sosionomutdanninga vart lagd til Florø. Diskusjonen gjeld først og fremst om det nye studiet skal organiserast som ein "2+1-modell" eller som ein "3-årig samanhengande modell". Kort sagt inneber 2+1 at studiet er "opna" mellom 2. og 3. året slik at studentane kan gå ut etter 2 år med ein eigen kompetanse, og at studentar med ein alternativ bakgrunn kan søkje seg direkte inn i det 3. året.

Vedtaka som no er gjorde på skulen om utvidinga av sos.ped. inneber at studentane vert inviterte til ein 3-årig fagplan, men presiserer at valet av studiemodell er eit uavklara spørsmål. Samtidig er det slått fast at modellvalet skal sjåast i samanheng med organiseringa av dei øvrige studia ved dh-skulen i Volda og gjerast til ei skulepolitisk debattsak. Mindretalet i linjemøtet på sos.ped., lærarane Stave, Røkdal og Ekeland, har no utarbeidd eit notat til denne debatten, der dei held fram "2+1-modellen" som ein aktuell modell for dei yrkesretta studia ved skulen generelt. Dvs at dei tre synest å tenkje seg studia organisert med 1- eller 2-årige innleiingsstudiar, med ei viss grad av linjedeling og vektlegging på yrkesopplæring/yrkesidentitet, med 1-årige påbyggningsår på toppen, valbare og felles for fleire typer studentar. |

I notatet sitt seier dei m.a.:

Ei mogleg løysing på dette er å tenkje seg dei to første åra som i stor grad åtskilde for alle dei yrkesretta studia. Då kan ein som no gi ein tilstrekkeleg yrkesmessig identitet, medan ein på 3. års nivå (og eventuelt 4. og 5. års nivå i ei fjern framtid) kan bryte meir med linjestruturen. Generelt vil dette gjere det mogleg for skulen å utvikle eit tilbod på 3.års nivå, som dels er eit framhald av det einskilde av dei to-årige studia og dels eit tilbod på tvers av linjene og eventuelt for folk utanfrå med tilsvarande forkunnskapar.

I denne situasjonen finn eg det rimeleg å legge fram eit notat til som gir uttrykk for andre oppfatningar på skulen, meir i samsvar med fleirtalssynet på sos.ped. Eg reknar med

at begge notata kan leggest til grunn for den komande debatten på skulen.

Premissar for skulens utvikling.

Når det gjeld premissane for den vidare utviklinga ved skulen, reknar eg med at det er semje om at ein må satse på dei felte der det ser ut til å vere ei rimeleg søkning samt behov på arbeidsmarknaden. Vidare er det ønskjeleg å sjå utviklinga i lys av regionens interesser og dei ressursar skulen allereide har i dag.

Det er og eit vesentleg omsyn at dei studieopplegg det vert satsa på er lagde opp slik at dei har ei rimeleg sjanse for å lukkast på arbeidsmarknaden og overfor konkurrerande utdanningar. Dette inneber ikkje at opplegga må vere identiske med etablerte utdanningar, men det må vere opplegg som kan forsvarast innhaldsmessig, og med omsyn til nivå og organisering (studielengd, praksisinnslag og fagleg progresjon). Opplegga i dei yrkesretta studia må også sikre yrkesidentitet. Dette omsynet stiller først og fremst krav til fagintegrasjon og arbeidsmetodar.


Eg nemner desse premissane for å gjere det klart at debatten er viktig for skulens framtid. Det gjeld ikkje berre å finne fram til ressurs-sparande og fleksible studiemodellar, men truleg vel så mykje å sikre skulen god rekruttering og solid fagleg status i framtida. Det eine kan diverre gå på kostnad av det andre. Fagleg nivå har primært med innhald å gjere, men let seg heller ikkje realisere utan omsyn til studieform og -organisering.

Denne debatten er desto viktigare når ein (med handa på hjartet) må vedgå at utviklinga i søkninga berre har vore tilfredsstillande for eit par av skulens 7 studieretningar.

Aktuelle modellar

1. Den samanhengande modellen.

FIG.1




Særpreq:

- Linjeautonomi (m.o.t. fagopplegg, progresjon, arbeids-/evalueringsformer).
- Linjetilknytte lærarar.
- Ein kompetanse etter fullført studium, lite valfridom.

Ein kan også tenkje seg denne modellen i meir moderat utgåve med meir felles bruk av lærarkrefter og med ein del felles kurs der linjer har stor grad av likhet i fagleg målsetting.

2. Fleksible påbyggingsordningar.

FIG.2

Særpreq:


- Fleksible kompetanseordningar (ulike nivå).
- Stor valfridom - kombinasjonsmuligheter.
- Felles bruk av lærarkrefter.
- Yrkesidentitet/yrkesorientering på grunnnivået - felleskurs i påbygginga.

Denne modellen kan sjølvsagt og tenkjast med felles kurs på grunn-nivået. "Stave-modellen" ligg så langt eg kan sjå nærast denne modellen.

Ein tredje type modell som har vore lite diskutert er denne:

3. Felles innføring.

FIG.3



Særpreq:

- Felles grunnkurs - særleg vekt på yrkesorientering/yrkesidentitet dei siste åra.
- Økonomisering med ressursar ved felles lærarkrefter i innføringsfaga.
- Gir mulighet for kompetanse på 2 nivå om ein vil, f.eks. grunnfag etter 1.år.

Sos.ped. og KM-studiet er delvis organisert etter denne modellen i dag, med felles 1.semester og eige 2.,3. og 4.semester.

Drøfting av modellane.

Fagleg progresjon i studiet inneber at det er samanheng og utvikling i innhaldet, at innhaldet på høgre nivå (t.d. i 2. og 3. studieåret) byggjer på innhaldet i det føregåande. Studiet må ikkje vere ei samling av uavhengige fagelement, men ein integrert plan styrt av studiets yrkesmålsetting.

Modell 2 tek dårleg omsyn til ei slik målsetting. Eit påbyggingsår som skal vere eit felles alternativ for studentar med heilt ulik utdanningsbakgrunn, må bli svært elementært og kan i liten grad følgje opp studentanes tidlegare studiar.

Modell 1 og 3 vil langt betre kunne ivareta eit ønskje om integrasjon og fagleg progresjon, 3 under føresetnad av at det vert organisert noko tilleggsundervisning, der studentane får høve til å drøfte innføringsfaga i høve til aktuelle yrkesfunksjonar.

Yrkesidentitet. Eit studieopplegg kan ivareta eit ønskje om yrkesidentitet ved å drøfte dei ulike faga i forhold til bestemte arbeidsoppgåver og yrkesroller. Dersom store deler av ei yrkesutdanning derimot skjer som fellesundervisning med sprikande målsetting, er det fare for at ein misser yrkesperspektivet i utdanninga.

Igjen vil eg hevde at den 2. modellen i minst grad ivaretek målsettinga. Den legg opp til fellesundervisning for studentgrupper med ulik studiemålsetting i første delen av studiet - og særleg i påbyggingsåret. Det vil her bli nærast uråd å sette

faga inn i eit spesielt yrkesperspektiv. Eit felles påbyggingsår for t.d. planleggjarar, kyrkjelydsarbeidarar, sosialarbeidarar, sjukepleiarar og evt. journalistar vil klart hamne i dette dilemmaet. På dette punktet vil etter mitt syn denne modellen ha små sjansar til å fungere i praksis. Kva slag konflikter kan ikkje bli innebygd i påbyggingsåret når vidarekomne studentar med ulik yrkesmålsetting skal avslutte yrkesstudiet på ein slik måte?

Også her ser eg klare faglege fordelar med modell 1, men 3 kan og brukast dersom studentane kan linjedelast i ein del av undervisninga 1.året.

Utnytting av ressursar. Modell 3 er etter det eg kan sjå den minst ressurskrevande modellen. I staden for eigne studieopplegg på 1.år byggjer den på felles opplegg og dermed store forelesningar med mange studentar. Sjølv om dei ulike linjene får eiga undervisning i ein del timar, også første året, er modellen truleg likevel ressurs-sparande.

Modell 1 og 2 er så vidt eg kan sjå nokså like i sine ressurskrav, dersom modell 2 då ikkje inneber få påbyggingstilbod, t.d. 4 grunnutdanningar men berre 2 påbyggingsår. Stave m.fl. antyder fleire påbyggingstilbod i sitt notat og med eit slikt opplegg vil kostnadene bli nokså like. Hovedskilnaden er at 2 bryt meir med linjedelinga enn 1.

På arbeidsmarknaden. Ved sida av dei faglege svakhetene, er eg redd for at "Stave-modellen" vil fungere dårleg på arbeidsmarknaden, fordi den vil bli diffus utad. Kva blir t.d. sos.ped.-studiet i Volda? Er det kandidatar med vitnemål frå grunnutdanninga på 2 år som er sosialpedagogar, er det dei som har gått 3 år (i tilfelle: med kva påbygging?) eller er det dei som har gått det 3.året men som har ei alternativ grunnutdanning? Eller kanskje det kan vere alle i hop? For studentar som konkurrerer på ein hard arbeidsmarknad er eg redd dette berre vil skape unødige store vanskar.

Konklusjon.

Fig. 4 gir etter mitt syn eit grovt inntrykk av måten dei yrkesretta studia ved skulen er organisert på. Det er størst grad av fagleg likskap i dei grunnleggande delene av studia, i innføringsfaga i 1. studieår. Samtidig er den faglege likskapen minst i den siste delen av studia, der det er lagd størst vekt på yrkesspesifikke fag og metodar. Ein går på denne måten frå det meir generelle og til det spesifikke og yrkesrelevante. Etter mitt syn er dette ein logisk måte å organisere studia på - også i framtida.




FIG 4

Ut frå dette synet er modell 2 lite tenleg. Den medfører det motsette av det som er ønskjeleg: ei spesialisering og metodedrøfting avgrensa til innføringsnivået - fellesundervisning og meir elementært nivå i avslutninga. I staden for å vere ressurs-sparande og fleksibel (i tydinga: høver for mange) slik den er presentert, kan modell 2 lett bli både konfliktskapande og rigid fordi den pressar studentgrupper med heilt ulike målsettingar inn under snevre rammer i avslutninga av studiet.

Etter mitt syn er modell 1, gjerne i moderert utgåve, den klart beste. Den gir høve til studieopplegg basert på yrkesmålsetting, fagleg progresjon i studiet og tilstrekkeleg vektlegging på linje- og yrkesidentitet. Samtidig er det ikkje ein lukka modell. Linjene kan samarbeide der dette er av felles fagleg interesse.

Så vidt eg kan sjå er også modell 3, med felles innføring, klart meir tenleg enn 2, og også meir ressurs-sparande. Konklusjonen er at det vil vere fagleg sett best å legge modell 1 til grunn for den vidare utvikling av yrkesstudia ved skulen. Men dersom det ut frå ressursomsyn er nødvendig med meir samarbeid mellom linjene enn i dag, peikar 3 seg ut som den beste. Modell 2 er lite tenleg fordi den er fagleg sett dårleg og dessutan lite ressurs-sparande.

Det må vere først og fremst ein debatt om evt. felles faglege perspektiv og fagleg innhald som må leggast til grunn for spørsmålet om modell 3 er aktuell for den vidare utviklinga av yrkes-studia i Volda. Etter mi vurdering er det grunnlag for konkret å føre ein slik debatt om det samfunnsvitenskaplege perspektivet, og den samfunnsvitenskaplege basis i lokalsamfunnsstudiet og sos.ped.-studiet. Liknande diskusjonar kan og førast mellom dei andre yrkesretta studie ved skulen.

Regionalstyret for Møre og
Romsdal

Rådet for sosialarbeiderutdanning
Postboks 8150 Dep.

OSLO 1

MØRE OG ROMSDAL HØGSKOLESTYRE
Mottatt: 22.5.80
J.nr. : 275
Ark.nr.: 318/316

3158 Uh H 80 EKa:KP

20.5.80

UTVIDELSE OG OMORGANISERING AV STUDIET I
SOSIALPEDAGOGIKK VED MØRE OG ROMSDAL DISTRIKTSHØGSKOLE
VOLDA

Møre og Romsdal distriktshøgskole, Volda, har i lengre tid arbeidet for en omorganisering og en styrking av sosialpedagogikkstudiet. Høgskolen har nå lagt fram nye planer for studiet til godkjennelse, jf. vedlegg.

Høgskolens nye planer bygger videre på det etablerte 2-årige studiet, som et selvstendig studium i forhold til de sosialarbeiderutdanninger som i dag er underlagt Rådet for sosialarbeiderutdanning. Tidsrammen for det omorganiserte studiet forutsettes utvidet til 3 år, og det legges opp til et bredere fagtilbud for å gjøre studiet kvalifiserende for et større spektrum av arbeidsoppgaver innen sosialt arbeid.

Ut fra behovet for høgre utdannet personell på sosialsektoren som helhet mener departementet det er viktig å utnytte den utdanningskapasitet og det fagmiljø som er etablert ved Møre og Romsdal distriktshøgskole, Volda. Høgskolens planer for et utvidet og omorganisert sosialpedagogikkstudium reiser imidlertid en del spørsmål som departementet ber Rådet for sosialarbeiderutdanning vurdere nærmere:

Dette gjelder for det første om Rådet for sosialarbeiderutdanning mener det kan være ønskelig å bygge videre ut med et sosialarbeiderstudium som avviker fra de andre utdanningene i denne sektoren, slik det 2-årige studiet i Volda gjør. Vi forutsetter at Rådet for sosialarbeiderutdanning gir en faglig vurdering av de framlagte planene, bl.a. når det gjelder metodefagets plass, og mulighetene for spesialisering innen grunnutdanningen. Distriktshøgskolestudiene er vanligvis tverrfaglig oppbygget og sikter mot at den enkelte kandidat skal kunne velge mellom flere yrkesfunksjoner og arbeidsområder.

Et spørsmål i den forbindelse er om en på denne måten kan tilføre sosialarbeiderutdanning impulser for videre utvikling i egenskap av høgskoleutdanning, hvilke forutsetninger som eventuelt må legges til grunn for utvikling av noe avvikende opplegg og om den framlagte planen kan sies å tilfredsstille slike forutsetninger.

./.
Studieplanen samt notat om arbeidsmarkedsforhold er vedlagt.

Etter fullmakt

Dag Omholt

Per Telhaug

Saksbehandler Egil Kallerud

DET KONGELEGE KYRKJE- OG UNDERVISNINGSDEPARTEMENT

KONTOR: AKERSGT. 42 - TLF. 11 90 90 - RIKSTELEFONAR OG FJERNVAL TLF. (02) 41 90 10

POSTADRESSE: POSTBOKS 8110, DEP. OSLO

Møre og Romsdal distriktshøgskole,
Volda.

Møre og Romsdal distriktshøgskole
Volda

Det regionale høgskolestyret
for Møre og Romsdal

Mottatt:

Journalnr: Ark.

Sakshandsamar :

Svarfrist:

Dykkar ref.

Vår ref. (må gjevast opp)

Dato

4038 Uh H 80 EKa/tr

1.7.80

OMLEGGJING AV STUDIET I SOSIALPEDAGOGIKK VED MØRE OG ROMSDAL DISTRIKTSHØGSKOLE VOLDA

Som Møre og Romsdal distriktshøgskole Volda og Det regionale høgskolestyret for Møre og Romsdal vil vere kjende med, blei det på høyringsmøte om framlegget til ny fagplan for det sosialpedagogiske studiet gitt uttrykk for ein del motforestillingar mot planane. Det har av fleire vore peikt på at det er lite truleg at utviding av tidsramma for studiet slik det er gjort framlegg om vil gjere det mogleg å unngå dei vanskaner som kandidatane til no har hatt på arbeidsmarknaden. Omsynet til dette spørsmålet må vere hovudgrunnen til å gjere ei omorganisering av studiet. Departementet meiner det er ønskjeleg å finne ei løysing som fører fram til ein kjend status for kandidatane. Planen er og blitt lagt fram for Rådet for sosialarbeidarutdanning til fråsegn. Rådet hand-sama søknaden i møte 12. juni 1980, der det m.a. blei gjort slik tilråding:

- "1. Den sosialpedagogiske utdanningen i Volda legges inn under Rådet for sosialarbeiderutdanning og samordnes med den eksisterende barnevernspedagogutdanningen.
2. Utdanningen bør fortsatt ha en egen fagprofil innenfor en gitt rammeplan og bygge på det fagmiljøet som allerede eksisterer ved høgskolen."

Departementet viser til dette og finner ikkje grunnlag for å gi endeleg godkjenning av den framlagde planen.

Etter det vi kan sjå, m.a. av rådet si fråsegn, synest det derimot som om tilhøva no ligg til rette for at det sosialpedagogiske studiet kan finne si form innafor rammene av den framtidige barnevernpedagogutdanninga. Dette lyt då skje i samarbeid med Rådet for sosialarbeidarutdanning, som vil vere rådgjevande i fagsaker.

Dersom høgskolen eller styret meiner at vilkåra ikkje ligg til rette for ei omskiping til barnevernpedagogikkstudium, må vi snarast få melding om det.

Det pågår for tida arbeid ved Noregs kommunal- og sosialhøgskole og Sosialhøgskolen Stavanger med rammeplanar for eit tre-årig barnevernpedagogstudium. Dette arbeidet blir samordna av Rådet for sosialarbeidarutdanning. Kyrkje- og undervisningsministeren har i Stortinget sagt at spørsmålet om utviding av barnevernpedagogutdanninga frå 2- til 3-årig utdanning m.a. er eit budsjettspørsmål, men at "ein vanskeleg kan utsetje gjennomføring av ei tre-årig utdanning stort lenger". Det er i dag ikkje mogleg å seie når framlegg til fagplanane for eit tre-årig studium er ferdige eller når spørsmål om eventuell utviding er avgjort. Men det synest lite aktuelt for Møre og Romsdal distriktshøgskole, Volda å setje i gang ei 2-årig barnevernpedagogutdanning.

Dersom ein er samd i at det er ei brukeleg løysing at studiet i sosialpedagogikk blir gjort om til barnevernpedagogutdanning, meiner vi at høgskolen bør ta kontakt med dei to andre høgskolane som gir slik utdanning og med Rådet for sosialarbeidarutdanning, slik at fagmiljøa ved alle høgskolar som skal gi slike utdanningstilbod kjem med i arbeidet med denne rammeplanen. Rådet for sosialarbeidarutdanning har i si fråsegn peika på at studiet i Volda må få halde på sitt faglege særpreg innafor rammene av ein ny rammeplan for barnevernpedagogutdanning. Departementet er samd i dette, og går ut frå at desse planane gir rom for ulike løysingar for det faglege opplegget, slik at Møre og Romsdal distriktshøgskole, Volda kan byggje opp studiet i pakt med dei føresetnadene distriktshøgskolen har.

Departementet meiner det ikkje er naudsynt å vente med å ta opp studentar til eit slik omorganisert studium enda eit år. Vi finn å kunne godkjenne at studiet startar opp førebels etter dei fagplanane som er lagde fram for eit tre-årig studium, men at ein undervegs tilpassar studieopplegget til planen for eit tre-årig barnevernpedagogstudium. Det er ein føresetnad at den omleggjinga som skal til skjer så snøgt som mogleg, og vi går ut frå at røynslene frå arbeidet med rammeplanar for 3-årig barnevernpedagogutdanning vil vere retningsgjevande for arbeidet med delen av studieopplegget som då må følgje den fagplanen høgskolen sjølv har utforma. Vi ber om at høgskolen alt no samrår seg med Rådet for sosialarbeidarutdanning når det gjeld opplegget for praksisdelen av studiet.

Departementet finn det naturleg at den tilleggsutdanninga høgskolen eventuelt skal gi tidlegare kandidatar må ha som mål å føre fram til samme status som det nye studiet, og det kan difor ikkje vere aktuelt å gi tilbod om slik utdanning før fagplan for det ordinære studiet er fastsett.

Etter fullmakt



E. Skadsem



Per Rolstad

Saksarbeidar: Egil Kallerud

6101 Volda, den 21. juli 1980
POSTBOKS 188 — 203

J.nr.

Ark

Til alle kandidatar frå 2-årig sos.ped.

ORIENTERING OM UTVIKLINGA AV SOS.PED. STUDIET

Etter mange år har det endeleg skjedd ei avklaring i diskusjonen om utvidinga av studiet. Etter at Stortinget hausten 1979 vedtok å legge sosionomutdanninga på Vestlandet til Florø, arbeidde skulen for å få ei sjølvstendig 3-årig sosialpedagogisk utdanning, med opptak av studentar hausten 1980. Vi arbeidde og med planar om suppleringsutdanning for tidlegare studentar. Landsmøtet i SPIO gjekk inn for desse planane i mars i år.

KUD har i vår handsama søknaden frå skulen. 9.mai vart det arrangert eit høyringsmøte i Oslo, der ei rekkje instansar (m.a. NOSO, BVPL, SPIO, RSU, Sosialdep./Helsedir.) fekk uttale seg. Her dukka idéen om å utvikle sos.ped. til ei 3-årig barnevernspedagog-utdanning opp. Dette er særleg aktuelt fordi barnevernspedagog-utdanningane i Oslo og Stavanger skal bli 3-årige (truleg frå 1981).

Etter høyringsmøtet sende KUD saka til handsaming i RSU. Vedtaket i RSU (sjå vedlagde brev) går ut på at sos.ped. vert underlagt RSU og samordna med barnevernsutdanninga. RSU streka og under at utdanninga burde behalde ein eigen fagprofil.

Departementet sitt vedtak (sjå brevet) er i samsvar med RSU. I tillegg går KUD inn for å ta opp studentar i haust etter den 3-årige fagplanen som er utvikla ved skulen. Undervegs bør planen samordnast med planen for den 3-årige barnevernspedagog-utdanninga.

Fagseksjonen ved sos.ped. ser på KUD sitt vedtak som positivt for studiet og for tidlegare studentar ved sos.ped. Vi meiner at vedtaket sikrar studiets status og yrkeskompetanse og gjer det likeverdig med dei etablerte sosialarbeidarutdanningane. Samtidig ser vi det som positivt at vi får behalde eit fagleg særpreg. Vedtaket er og slik utforma at vi skal vere med å utvikle den framtidige rammeplanen for dei 3-årige barnevernspedagog-utdanningane.

Når det gjeld kandidatar frå det 2-årige sos.ped. studiet, er det vår oppfatning at dei automatisk må få den same status og yrkeskompetanse som kandidatar frå det nye studiet. Vi reknar

og med at barnevernslinjene vil ordne overgangen frå 2-årig til 3-årig utdanning på same måten. Vi meiner altså at det for tidlegare studentar ikkje skal vere nødvendig å ta tilleggs-utdanning for å sikre sin yrkeskompetanse. Fagseksjonen ser det likevel slik at skulen har eit ansvar for å tilby fagleg supplering dersom tidlegare studentar har behov for det. Det kan difor vere aktuelt å tilby kortare kurs i fagområder der ein tidlegare har hatt lite å tilby.

Med vedtaket i KUD er det sjølvsagt ikkje aktuelt å sette i gang med suppleringsutdanning frå hausten 1980.

God sommar!

Helsing frå fagseksjonen ved sos.ped.


Kåre Heggen


Gunnar Stave